



# Sunnivaseglas

Dina Øien frå Florø, Elisabeth Osdal frå Stad, Victoria Lid frå Os og Sunniva Aadland Hoen med røter på Selja segla i Sta. Sunniva sine «fotspor» i september. Seglasen starta på Selja og enda opp i Bergen i samband med Bergen by sitt 950 års jubileum. At det i år var 850 år sidan skrinet med Sunniva sine levningar vart flytta frå Selja til Bergen var også ein del av feiring. På vegen var seglasen innom ei rekke stadar: Selja, Kalvåg, Kinn, Svanøy, Askvoll, Korssundet, Eivindvik, Kilstaumen, Lygra, Hamre kyrkje på Osterøy og Bergen. Alle stadar var det smittevernrestriksjonar, men kystkulturlag, kyrkje og kommune samarbeide og sette kvar andre stemne langs vegen. Jentene som var med på heile turen fekk ei oppleving ingen andre har hatt. Dei fylgte kopien av Sunnivaskrinet om bord i historiske båtar, med skyskarar frå ulike bygder og grender, på kryss av sund og fjordar heile

den lange vegen til Bergen. Ein av karane på båten kom med framlegg om at kyrkja sitt slagord: «Meir himmel på jord!» burde endrast til: «Meir himmel på fjorden!»

Dina fortel at det som var mest kjekt med turen var at vi fekk sjå så mykje av kysten på ein ny måte. Eg fekk også møte mange nye menneske. Det var veldig kjekt. No er det 2 månader sidan den minne-

rike turen. Kva tenkjer du no? Eg tenkjer at den var utfordrande og lærerik. Vi vart sett inn i nye situasjonar og lærte mykje nytt. Og vi jentene som var på tur i lag er blitt gode venner.

*Elisabeth, Dina, Sunniva og Victoria om bord i Bakkejekta.  
Foto: Roy A. Nilsen*



## Hausakkfest i Stavang kyrkje



Bru sokneråd har teke oppatt tradisjonen med hausakkfest i samarbeid med Standal 4H.

Dette har sidan 2012 også vore eit av tiltaka i trusopplæringsplanen for Bru.

På gudstenesta 18. oktober var

og synleggjorde det også ved å «Strø plastsøppel» i midtgangen.

Ein del 4H-medlemmar har friluftsliv som prosjekt. Anita visste «powerpoint/bilde» frå fine turar i nærområdet og også frå «Strandyddingaksjonen» som 4H-medlem-

**For å halda på varmen, b  
i eit lite rom i teltet. Det  
såg for seg då dei flykta**

Rett bak teltet i Bekaadalen i L  
Dei er ei dagleg påminning o  
Weedad Ahmad Al-Khalaf m  
sidan.

**Tre fødslar i flyktungleiren**  
Ho budde i Um El Jurayn, ik  
krigen gjorde det farleg å bl  
måtte ho flykta saman med  
Hassan Ibrahim og svigermo  
dei skjebne med 70.000 andre

Familien på tre har vorte  
i flyktungleiren. Yousef vart t  
etter kom lillebror Aus, som er  
Talia på eitt år.

At borna må vekse opp ho  
og Weedad med stor sorg.

"Utanom leik, fotball og spe  
å gjera her. Her er ikkje skule,  
veksa opp som analfabetar."

Vinteren i Bekaadalen kan ve  
snø.

"Kulda og store snømassar  
har ikkje råd til å dekka til tel  
å halda oss varme bur vi på ei  
men i år er brensel ei mangels  
aukar," forklarer Mohammed.

Frå Kirkens Nödhjelp ha  
vatn og hygienepakkar. Dette  
Weedad er veldig glad for.

"Vi har òg fått mykje inform  
unngå sjukdom, seier ho. Vatr